

Årdal kommune

# Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2030

## Årdal - meir enn du trur

«Årdal – meir enn du trur» framhevar mange kvalitetar ved Årdalsamfunnet. Årdal er eit tettbygd moderne samfunn omringa av spektakulær natur der innbyggjarane lever gode liv.

Slagordet «meir enn du trur», skal leggast til grunn for nye berekraftige framsteg. Årdølene må på grunn av avstand til andre arbeidsmarknader og næringsliv hovudsakleg knytt til basisnæringar, presta betre enn andre kommunar for å snu folketalsutviklinga.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt viktigaste plandokument. Den har eit tidsperspektiv som strekkjer seg over fleire valperiodar, frå 2019 til 2030. Samfunnsdelen byggjer på kommunen sin vedtekne planstrategi, og er samstundes grunnlaget for kommunen sin arealplan.

Kva skal prege Årdal dei neste 12 åra?

Det er ingen som kan sei noko med sikkerheit om framtida, heller ikkje den nærmaste framtida. Men noko veit me, og det vi veit, talar til Årdal sin fordel. Vi vil oppleve store endringer på grunn av storsamfunnet sine investeringar i vega og tunellar. Seimsdalstunellen og vegen opp Ljoteli og dette gjev oss moglegheiter til å utvikle Årdalssamfunnet vidare. Vi veit også at Årdal er langt inn i det grønne skiftet – med for eksempel ren energi, ren industri, solcelleproduksjon og tette bærekraftige samfunn.

Årdal Kommune skal vere ein attraktiv bustadkommune, eit livskraftig lokalsamfunn, kjenneteikna ved velferdskommunen sine viktigaste pilarar: Ein kommune med trygge og gode oppvekstvilkår, med barnehagar og skular som får fram det beste i oss. Ei utvikling av bygda vår prega av dei viktigaste byggesteinane for folkehelse: tryggleik, tillit, rettvis fordeling og likeverd. Ein kommune som er langt framme i den teknologiske utviklinga, og sikrar ein effektiv og moderne infrastruktur.

Vi er i dag ein del av ein felles bu - og arbeidsmarknad i sognregionen og vi er ein del av det nye fylket Vestland. I samfunnsplanlegginga i åra som kjem, må vi difor evne å ha minst tre tankar i hovudet samstundes. For det første planlegging og utvikling av Årdal kommune med befolknings - og næringsvekst, for det andre eit aktivt samspel i sognregionen, og for det tredje ei utvikling som gjer oss attraktive for busetting og næringsaktivitet, knytt til det faktum at vi er ein del av Vestland-regionen. Det er når vi skal navigere i dette litt ukjente og krevjande landskapet at vi treng kommuneplanen sin samfunnsdel. I åra som kjem, er samfunnsdelen ein viktig reiskap for viktige politiske vegval for kommunen når vi skal satse på lønsame arbeidsplassar, kompetanse og innovasjon, reiseliv, helse og å utvikle oss som eitt berekraftig samfunn.

Med helsing

Arild Ingar Lægreid

ordførar

# INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1 FRAMTIDA KJEM AV SEG SJØLV - FRAMSTEG GJER DET IKKJE.....</b>                | <b>4</b>  |
| 1.1 GENERELLE UTVIKLINGSTREKK.....  | 5         |
| 1.2 GRUNNLEGGANDE KVALITETAR.....   | 5         |
| 1.3 UTFORDRINGAR .....  | 6         |
| 1.4 FORVENTNINGAR TIL ÅRDAL I 2030 .....  | 7         |
| <b>2 ÅRDAL MOT 2030.....</b>  | <b>8</b>  |
| 2.1 EIT BEREKRAFTIG LOKALSAMFUNN SOM REKRUTTERER OG BUSET FLEIRE INNBYGGARAR..... | 8         |
| 2.2 ÅRDAL ER MEIR ENN DU TRUR.....  | 8         |
| <b>3 MÅL OG TILTAK FOR FRAMSTEG .....</b>   | <b>9</b>  |
| 3.1 MANGFALDIG NÆRINGSLIV .....   | 9         |
| 3.2 VARIERT BUSTADTILBOD .....  | 11        |
| 3.3 LEVANDE SENTRUM OG LANGSIKTIG AREALBRUK .....                                 | 12        |
| 3.4 TRYGG OPPVEKST .....  | 13        |
| 3.5 GOD HELSE OG OMSORG.....  | 14        |
| 3.6 VARIERT KULTUR OG FRITIDSTILBOD .....   | 15        |
| <b>4 SENTRALE OMSYN.....</b>  | <b>16</b> |
| 4.1 KLIMA OG MILJØ.....   | 16        |
| 4.2 FOLKEHELSE .....  | 18        |
| 4.3 SAMFUNNSTTRYGGLEIK .....  | 19        |
| 4.4 OMDØME .....  | 20        |
| 4.5 KOMMUNAL DRIFT.....   | 21        |
| <b>5 GRUNNLAG OG RAMMER FOR UTVIKLINGSARBEIDET.....</b>                           | <b>22</b> |
| 5.1 KOMMUNEN SITT PLANSYSTEM .....  | 22        |
| 5.2 NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR .....   | 23        |
| 5.3 KOMMUNALE FØRINGAR.....   | 23        |
| 5.4 PROSESS, ORGANISERING OG MEDVERKNAD .....                                     | 24        |
| <b>6 REFERANSAR .....</b>   | <b>26</b> |

# 1 Framtida kjem av seg sjølv - framsteg gjer det ikkje...

Årdalsamfunnet er bygd på vilje og pågangsmot for utvikling. Ressursane i menneska og naturen her, er grunnlaget for tidlegare framsteg og nye som skal kome.

Ein kommuneplan er kommunen sin overordna plan, og viktigaste styringsverktøy, og den skal leggje til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon dei neste 10-12 åra.

Samfunnsdelen av kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnet Årdal og for verksemda Årdal kommune. Planen skal ta stilling til langsigte utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemda i kommunen.

Figuren under viser prosessen med utarbeiding av samfunnsdelen.



## Strategiske grep i samfunnsdelen 2011-2020

Hovudmåla i førre samfunnsplan var at Årdal kommune skal vere eit trygt og robust lokalsamfunn. I tillegg var det viktig å skaffe Årdal fleire bein å stå på og gjere Årdal attraktivt for unge før, under og etter utdanning. Planen har ambisjonar for eit høgt nivå på kommunale tenester og auka samarbeid med næringslivet for utvikling. Det er også lagt til grunn at Årdal kommune skal vere ein miljøkommune som arbeider for ei berekraftig utvikling. Mange av tiltaka i planen er gjennomført. Dei som ikkje er gjennomført er vurdert vidareført i ny plan.

## Planprosessen for samfunnsdelen 2019-2030

Gjennom kommunen sitt arbeid med planstrategi og Årdal utvikling sin prosess med strategisk næringsplan i 2016 vart det gjennomført ein brei medverknad med innbyggjarar, lag/organisasjonar, næringsliv, politikarar og tilsette. Dette er lagt til grunn i utarbeiding av ny plan. Det siste året er det halde idekafear i fleire planarbeid for å få oppdatert informasjon. Det er også sett ned eit eige politisk ad hoc utval som følgjer planarbeidet.

I tillegg til vanleg varsling, offentleg ettersyn, er det halde eigne møter om utvalde tema og det er gjennomført ei spørjeundersøking om frå/tilflytting. Saman med eksisterande analysegrunnlag dekkjer dette kunnskapsbehovet til ny samfunnsdel. Sjå kap. 5.4 for meir detaljert oversikt.

## 1.1 Generelle utviklingstrekk

I Sogn og Fjordane fylke sin planstrategi for 2016-2020 [1] er det trekt opp 5 sentrale utviklingstrekk som også gjer seg gjeldande i Årdal:

- **Globalisering og sentralisering** gjer at stadig større delar av befolkninga i fylket bur i eller nær eit større sentrum. Den viktigaste faktoren er tilgang på arbeidsplassar, bustader og utdanning.
- **Migrasjon og inkludering** vert ein stadig viktigare moglegheit og utfordring for fylket, då vi på relativt kort tid har gått frå å vere eit homogent samfunn til eit meir fleirkulturelt samfunn.
- **Kvinner, utdanning og arbeidsmarknad** er noko av grunnlaget for fylket si «svake» utvikling. Unge kvinner har ein større tendens til å flytte frå heimstaden enn unge menn, hovudsakeleg for å ta høgare utdanning.
- **Verdiskaping og utvikling av kunnskapssamfunnet** er avgjeraende for å skape fleire arbeidsplassar som igjen er den viktigaste drivaren for folkevekst. Basisnæringerane er dominerande i fylket.
- **Klimaendringane** gjev utfordringar for fylket hovudsakleg knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima.

## 1.2 Grunnleggande kvalitetar

Lokalsamfunnet Årdal står på ein grunnmur bygd over lang tid og framsteg må byggje vidare på dette fundamentet av lokale kvalitetar. Gjennom arbeidet med planstrategi 2016 [2], strategisk næringsplan 2017 [3] og idekafe 2018 har vi spurt innbyggjarar og politikarar. Dei svarar at Årdal sine kvalitetar er:

- eit stolt folk og sterk dugnadsånd
- spektakulær natur
- kompakte bumiljø
- mangfaldig fritidstilbod
- gode offentlege tenester
- IKT infrastruktur som taklar vekst
- bedriftssamfunn med høg verdiskaping og gryande mangfold
- eit samfunn der ein er klar over at kompetanse er viktig

Lista over viser dei positive sidene ved Årdalsamfunnet. Nokre av dei har også i seg at dei kan vere ein del av Årdal sine utfordringar. Neste kapittel handlar om utviklingstrekk og utfordringar som samfunnsdelen må ta stilling til og vurdere om det trengs nye strategiske grep for å handtere.



Figur 1: Aktivitetar på Tangen.

## 1.3 Utfordringar

[Telemarksforskning si regionale analyse for 2018](#) [4], viser noko av utfordringsbilde for Årdal.


Folketalet i Årdal går jamt nedover som vi ser av Figur 2, samtidig som det blir fleire eldre og færre unge. Det er likevel slik at Årdal i periodar har mindre utflytting enn nedgangen i tal arbeidsplassar skulle medføre, motsett er det periodar der auke i tal arbeidsplassar ikkje medfører den tilflytting ein skulle kunne vente. Det ser ut til at Årdal må skape høgare attraktivitet for næringsliv og busetjing enn andre kommunar for å oppretthalde folketalet. Dette er truleg fordi Årdal ligg slik til i regionen at arbeidsmarknadsintegrasjon er låg.

Næringsstrukturen i Årdal er prega av at industriell produksjon har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Som vi ser av Figur 3 representerer basisnæringane ein stor andel av arbeidsplassane. Basisnæringar er av Telemarksforskning beskrive som arbeidsplassar knytt til natur, tekniske tenester og industri. Denne næringsstrukturen er no i forsiktig endring med meir knoppskyting og fleire kultur- og turistbaserte etableringar på veg.


Figur 4 viser samla attraktivitet (i kva grad ein presterer betre/dårlegare enn venta) når det gjeld bustad og næring.

Sett i lys av samfunnsutviklinga og resultat frå medverknadsarbeidet i arbeidet med planstrategi [2] og planprogram [3] peikar administrasjonen og politikarane i fellesskap på følgjande hovudutfordringar for Årdal:


- Folketalsnedgang med fleire eldre og færre unge, og fleire menn enn kvinner.
- Tradisjonelt-næringsliv knytt til basisnæringar
- Usikre økonomiske rammer for kommunen
- Krevjande å rekruttere og behalde kompetanse i offentleg sektor
- Årdal-To av alt eller eitt samfunn
- Aktuelle besøksverksemder er ikkje rigga for reiselivssatsing, med mellom anna opningstider og andre stoppeffektar.



Figur 2: Indeksert folketalsutvikling i Årdal frå 2000 til 2018. Telemarksforskning.



Figur 3: Forholdet mellom offentlege og private arbeidsplassar. Telemarksforskning 2018



Figur 4: Utvikling i samla attraktivitet i Årdal frå 2005 til 2017. Telemarksforskning 2018.

## 1.4 Forventningar til Årdal i 2030

For å arbeide målretta med utfordringane må vi ha eit bilet av korleis vi ynskjer å ha det framtida. Vi ynskjer at utviklinga i Årdal skal gå i ei retning som er basert på opprethalde folketalet med berekraftig alderssamansetning. I 2030 ønskjer vi at Årdalsamfunnet skal vera kjenneteikna av:

- eit variert og framtidsretta næringsliv.
- næringsdrivande og tilflyttarar som etablerer seg permanent i Årdal fordi dei kjenner seg velkomne og fordi det er enkelt
- eit variert og framtidsretta bustadtibod med god kvalitet og trygge bustadmiljø der kultur-, idretts- og organisasjonsliv skaper aktivitet, opplevelingar og identitet.
- barn og unge som har trygge, likeverdige og utviklende oppvekstvilkår i ein kommune som verdset kunnskap, ferdigheter, kreativitet og kompetanse med både grunnskule og vidaregåande skule.
- innbyggjarar og besökande som deltek i aktivitetar og skapar engasjement fordi dei ynskjer å bidra til positiv berekraftig utvikling – og verte av Noregs fremste miljøkommunar
- innbyggjarar, besökande og næringsliv som brukar naturen aktivt på ein berekraftig måte.
- aktiv deltaking i eit regionalt bu-, arbeids og serviceområde der dagens kommune-/fylkesgrenser ikkje skaper barrierar for dei som nyttar seg av jobb, utdannings-, kultur og fritidstilbod på tvers av grensene.
- ein beredskap som er i stand til å handtere dei hendingar og krisesituasjonar som kan inntrefte.
- eit samfunn som fortløpende tek i bruk dei moglegitene som kjem med ny teknologi, digitalisering og betra kommunikasjon ved endring av regionale grenser gjennom nye Vestland.
- eit aldersvenleg samfunn der eldre kan meistre livet lenger, ha tryggleik for å få hjelp når dei treng det og der pårørande kan hjelpe til utan å slite seg ut.



Figur 5: Utandørsbassenget i Øvre.

## 2 Årdal mot 2030...

Dei grunnleggande kvalitetane i Årdalsamfunnet (kap.1.2) er fundamentet for vidare utvikling og framsteg. Nokre forventningar handlar om å behalde det ein har og nokre handlar om å ta nye strategiske grep. Nedanfor presenterer vi hovedmålet og eit slagord for utviklingsarbeidet fram mot 2030.

### 2.1 Eit berekraftig lokalsamfunn som rekrutterer og buset fleire innbyggjarar

Årdal er eit samfunn som kan oppleve store svingingar i takt med utviklinga innan hjørnestinsbedriftene, men evnar å omstille seg. Samtidig er Årdal også påverka av den store sentraliseringstrenden der ungdom og særskilt kvinner, dreg til sentrale strøk for utdanning og blir verande der på grunn av fleire valmoglegheiter når det gjeld arbeid, utdanning og bustad.

Årdal må sikre eit breiare tilfang av arbeidsplassar generelt, og særskilt til høgt utdanna kvinner for å kunne stabilisere folketalet og kanskje få til ein auke. Der det er mogleg må det arbeidast med reisetidsforkorting til andre arbeidsmarknader, særskilt Sogndal. For å behalde dei som kjem til Årdal vil det vere avgjerande å vidareutvikle eit ope og inkluderande samfunn. For innvandrarar er språkopplæring og arbeid dei viktigaste tiltaka. Eit målretta kulturarbeid og involvering av frivillig sektor er også sentralt. Det må gjerast eit systematisk arbeid med å betre omdøme for Årdal som samfunn.

Dei kommunale tenestene er under utvikling i henhold til innbyggjarane sine krav og forventningar, faglege krav, ny teknologi og nye økonomiske rammer.

Hovedmålet er difor at Årdal skal vere eit «*berekraftig lokalsamfunn som rekrutterer og buset fleire innbyggjarar.*»

### 2.2 Årdal er meir enn du trur

Samfunnsplanen lanserer slagordet «Årdal – meir enn du trur» som overskrift på arbeidet framover.

«Årdal – meir enn du trur»

#meirenndutrur

Grunngjevinga for slagordet er at mange kvalitetar ved Årdalsamfunnet er lite kjent eksternt og lite anerkjent internt. Årdal er eit tettbygd moderne samfunn omringa av spektakulær natur der innbyggjarane lever gode liv. Dette må marknadsførast betre.

# 3 Mål og tiltak for framsteg

## 3.1 Mangfaldig næringsliv

### Grunnlag

Årdal er ein kommune som er prega av at industriell produksjon har vore bærebjelken for verdiskaping og busetjing. Dette er no i forsiktig endring med meir knoppskyting og fleire kultur- og turistbaserte etableringar på veg. Oppsummert kan vi seie at:

- Næringslivet er sårbart for konjunkturar
- Automatisering og robotisering av industrien endrar behovet for arbeidskraft
- Årdal sine naturattraksjonar er ikkje godt nok utnytta til reiselivsutvikling
- Dagens arbeidsmarknad er for smal til å sikre tilflytting

Årdal utvikling har dei siste åra arbeidd målretta med satsing på kompetanse og innovasjon med utarbeiding av ein kompetansestrategi. I realiseringa av strategien har dei fokus på samarbeidsarenaer mellom næringsliv og utdanning. I tillegg er det arbeidd med eit reiselivprosjekt i opplevingsaksen mellom Sognefjorden og Utladalen som også er positivt for innbyggjarane i Årdal og aukar bustadattraktiviteten.

Utviklinga i sysselsetting [5] viser ein fin vekst i 2018 på 66 arbeidsplassar (2,5%) som kjem hovudsakleg frå industrien, handel og forretningsmessig tenesteyting. Dette bekreftar den utviklinga vi opplev i Årdal som held fram inn i 2019, og med vekstplanar i deler av industrien vil ein forvente vidare vekst.

### Mål

Brekraftig næringsutvikling med eit lønnsamt og variert næringsliv som gjev trygge arbeidsplassar.

### Korleis

Årdal utvikling sitt arbeid med strategisk næringsplan for perioden 2020-2024 skal sikre satsingane framover og vurdere naudsynte justeringar/endringar for å oppnå målet som er sett. Sentrale oppgåver er:

- Utvikle lønsame arbeidsplassar innan reiseliv, helsenæring og kulturbasert næringsutvikling.
- Støtte opp om og utvikla bedrifter og etableringar som bidreg til innovasjon, teknologi og prosess i lag med næringslivet og den vidaregåande skulen.
- Sikre kompetanseutvikling og knoppskyting kring basisnæringane.
- Betre samferdsla internt i Årdal og til regionen samt betring av regulariteten/rassikring på fylkesveg 53.
- Avklare næringane sine arealbehov og sikre desse gjennom arealplanlegging.
- Vidareutvikle både det vidaregåande skuletilbodet og det gode samarbeidet mellom skule-næringsliv-offentleg.
- Nyte handlingsrommet i nye Vestland fylke og søkje nye samarbeid i eigen region om andre områder der det er potensiale for utvikling.
- Trygge effektiv bruk av næringsareal

### Årdal kommune skal:

- Halde fram å vere ein god vertskommune for bedriftene.
- Arbeide for å få etablert næring/industri på Å3-tomta.
- Sikre effektiv offentleg sakshandsaming i samband med nye etableringar.
- Etablere eit eige prosjekt kor det er fokus på rekruttering av nye innbyggjarar.

- Starte prosess om å verte Nasjonalparkkommune. Utval for samfunnsutvikling som skal etablerast i tidlig 2020 får som mandat å beskriva kommunen sine mål og strategiar som Nasjonalparkkommune

## 3.2 Variert bustadtilbod

### Grunnlag

Årdal har i periodar mindre utflytting enn nedgangen i tal arbeidsplassar skulle medføre. Motsett er det periodar der auke i tal arbeidsplassar ikkje medfører den tilflytting ein skulle kunne vente [6]. Det ser ut til at Årdal må skape høgare attraktivitet for næringsliv og busetjing enn andre kommunar for å oppretthalde folketalet. Dette er truleg fordi Årdal ligg slik til i regionen at arbeidsmarknadsintegrasjon er låg. Dette gjev låg mobilitet i arbeidsmarknaden for dei som vel å busetje seg i Årdal. Ein er meir mobil viss ein buset seg nærmare regionsenteret Sogndal og pendlar til jobb i Årdal. Utvikling av bustadmarknaden og bustadtilbodet i kommunen er eit viktig tiltak for å auke busetjing og tilflytting.

Fra NIBR si undersøking kring bustadpreferansar i distrikta [7] veit vi at tilbakeflyttarar etterspør einebustader i barnevennlege område, gjerne der dei sjølv har tilknyting. Tilflyttarar er meir opptekne av dei funksjonelle kvalitetane ved staden, til dømes nærliek til sentrum og tenester. Unge vaksne fra staden etterspør små utleigeleilegheiter, eventuelt noko i ein prisklasse dei kan kjøpe. Undersøkinga viser også at kommunen gjennom målretta planarbeid og aktiv tilrettelegging for bustadbygging og gode buminiljø kan påverke folketalsutviklinga positivt.

Årdal skil seg positivt ut i fylket med ein god variasjon i bustadmassen, der under 50% av bustadane er einebustader og resten er fleirmannsbustader. Mellom anna er 18 % i bustadblokk, dei fleste med heis. Ved ytterlegare satsing på lettstelte leilegheiter i sentrumsområda for seniorane kan fleire einebustader omsetjast til unge i etableringsfasen.

### Mål

Årdal skal bli meir attraktiv for busetjing og bustadforsyninga skal sikre tenlege bustader til innbyggjarar og tilflyttarar i alle livsfasar.

### Korleis

- Prinsippa for langsiktig arealbruk i kommuneplanen sin arealdel frå 2012 skal leggast til grunn for vidare utvikling. I tettstadane skal fortetting og omdanning prioriterast der eldre bustadmasse kan erstattast med lettstelte sentrumsbustader.
- Generelt skal det stimulerast til auka bustadbygging/rehabilitering av bustadmasse i privat regi og i tråd med etterspurnad i marknaden for å sikre betre kvalitet i det samla bustadtilbodet i kommunen. Det skal særskilt leggast til rette for leilegheiter til dei yngste i etableringsfasen og eldre som vil flytte frå einebustadane sine.
- Vurdere prinsipp for spredt utbygging i grondene.
- I høve bustadsosiale behov skal kommunen tilby bustad til personar som er vanskelegstilte i den ordinære bustadmarknaden, samt stimulere til at fleire som i dag leiger bustad går frå å leige til å eige eigen bustad. Det bustadsosiale arbeidet skal ha fokus på gode bukvalitetar og godt buminiljø.
- Aktivisere kommunen si bustadpolitiske rolle ved å analysere målgrupper og bustadbehov som grunnlag for ein samla bustadpolitisk handlingsplan som vert integrert i kommunen sitt plan- og styringssystem.
- Auke variasjonen i bustadtilfanget i sentrum ved å vurdere etablering av meir offentleg-privat samarbeid for å få fram bustadprosjekt som den private bustadmarknaden ikkje får fram åleine.
- Auke kompetansen om bustadmarknaden og verkemiddel i bustadforsyninga.

### Årdal kommune skal:

- Starte opp eit bustadprosjekt for å trygg tilgang på rett type bustad til noverande og framtidige innbyggjarar.

### 3.3 Levande sentrum og langsiktig arealbruk

#### Grunnlag

Kommuneplanens arealdel 2012, har eit langt tidsperspektiv og legg til rette for langsiktig utvikling av bygeområda i kommunen. Arealdelen utgjer eit godt styringsinstrument som gir handlingsrom og legg opp til føreseieleg utvikling av areala også inn i neste planperiode.

Årdal har eit unikt utgangspunkt med sine to tettbygde sentrumsområde som kan vidareutviklast med berekraftige fysiske og sosiale urbane kvalitetar. Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin arealdel i 2012 vart det bestemt nokre prinsipp for sentrumsutvikling:

- Årdalstangen som eit utviklingsområde med fokus på urbanisering av strandsona der funksjonane bu, offentleg service, samt næringsvegane industri og reiseliv vert prioritert.
- I Øvre vert det lagt opp til sentrumsutvikling med fortetting av sentrum med offentleg- og privat service (t.d. handel), samt bustader. I tillegg legg planen til rette for omdanning av eksisterande bustadmasse og utbygging av "ledig" areal mot Årdalsvatnet.

Sidan 2012 har det vore arbeidd med dette som utgangspunkt og det er kome i gang fleire prosjekt i samsvar med desse prinsippa (Årdalsenteret, bustadblokker i sentrum, sjøfronten på Tangen m.m.). Arbeidet må førast vidare og fokuset på at Årdal også skal vere ein god stad å besøkje skal styrkjast med «stoppeffektar som gjev auka handel og meir levande sentrum».

Fortetting og omdanning av eksisterande bygningsmasse i Årdal sine tettstader opnar for nybygging av lettstelte leilegheiter tilpassa ein stadig større andel eldre i befolkninga. Dette kan medføre at fleire eldre med ulik form for tilrettelegging kan klare seg sjølv i heimen lenger. Når eldre får høve til å kjøpe slike leilegheiter kan fleire einebustader kome for sal som er attraktive for barnefamiliarar.

#### Mål

Årdal sine to tettstadar skal vere attraktive for både besøk og busetjing, og dei skal utviklast slik at dei supplerer og styrkar kvarandre.

#### Korleis

Årdal utvikling skal arbeide vidare med sine utviklingsprosjekt i sentrumsområda og Årdal kommune skal gjennomføre revisjon av arealdelen med siktemål å stimulere til utvikling i sentrum. Viktige stikkord er:

- Strategiske val i kommuneplanen sin arealdel frå 2012 skal leggast til grunn for det vidare arbeidet. Neste revisjon av arealdelen kan fokusere på praktiske justeringar av føresegner og oppdatering med tanke på utbyggingsavtaler. Revidere strategisk del av arealdelen slik at den er i samsvar med samfunnsutviklinga og handterer miljø- og klimautfordringane.
- Fylkeskommunen sin regionale plan for klimaomstilling [8] og strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur [9] skal leggast til grunn for utvikling av levande sentrum.
- Utvikle lokalsentra med fokus på tenestetilbod og innslag av urbane sentrumskvalitetar som er attraktive for både tilreisande og innbyggjarar.
- Aktivitetar/tilbod for born og unge skal prioriterast i begge tettstadane. Ein bør og vurdere spesielle tilbod retta mot ungdom/unge vaksne.
- Vurdera tiltak i samsvar med stadanalysen for Øvre og Tangen [10], og vurdera dette opp mot neste byggetrinn i sentrumsplanen.
- Bygging/tilrettelegging for gang- og sykkelvegar, turløyper og løyper skal ha høg prioritet.
- Etablere samhandling med frivillige lag og organisasjonar for drift av uteanlegg.
- Fokusere på tilrettelegging for funksjonshemma og universell utforming.

### 3.4 Trygg oppvekst

#### Grunnlag

Skulane og barnehagane i Årdal er integrerte i lokalsamfunna der folk bur, noko som vert opplevd som ein kvalitet ved Årdalsamfunnet. Det er full barnehagedekning i kommunen og andel barn i barnehage er høgt. Skulane i Årdal gjer det svært bra på nasjonale prøver. Kommunen har ei langsiktig satsing på tverrfagleg arbeid gjennom metoden «Betre Tverrfagleg Innsats», på å styrke innsatsen rundt barn og ungdom si psykiske helse og på heim-skulesamarbeidet.

Befolkingstala framover syner ein nedgang i aldersgruppa 1-15 år. Det er difor ei stor utfordring å legge til rette for rett struktur på skulane og barnehagane i planperioden.

Årdal vidaregåande skule har ein viktig funksjon for dei viktige ungdomsåra, samstundes som skulen gjev ungdommen i bygda moglegheit til fagspesialisering.

Skulane og barnehagane treng vedlikehald og modernisering dersom dei framleis skal stø opp om målsettingane i denne planen. Skulane må tilpasse seg krava i ny læreplan og utvikle digital kompetanse.

Oppvekstsektoren står framfor utskifting av eit stort tal tilsette som har arbeidd her i mange år og det vil vere ei stor utfordring å få erstatta denne kompetansen.

Viktige utfordringar framover er.

- Mogleg redusert barnetal krev tilpassing av personell og bygningar.
- Aukande gruppe elevar med særskilde behov som ikkje er fagrelaterte.
- Aukande krav til kompetanse i skule og barnehage og høg snittalder blant lærarane gjev utfordring med rekruttering.

#### Mål

Grunnskulen og barnehagane i Årdal skal vere inkluderande og trygg arenaer der barna trivst og lærer.

#### Korleis

- Vidareutvikle eit godt samarbeid mellom barnehage, skule, føresette og frivillige lag/organisasjonar der det vert lagt vekt på at alle skal kunne oppleve meistring på sitt nivå.
- Skule og barnehage bidra med å gje barna eit positivt inntrykk av Årdal slik at dei får lyst til å bli i, eller komme tilbake etter fullført utdanning.
- Skulen skal halde fram arbeidet med eit positivt skolemiljø som er inkluderande og trygt der rikeleg mosjon og rett kosthald fremjar god læring hos elevane.
- Skulen skal halde fram førebygging mot mobbing og diskriminering blant barn og ungdom og arbeider systematisk for å utvikla elevane sin sosiale kompetanse.
- Skulen og barnehagen held eit høgt fagleg nivå med løpende barnehageopptak.
- Oppretthalde det etablerte grunnskule- og barnehagetilbodet på Årdalstangen og i Øvre Årdal
- Tverrfagleg samarbeid mellom skule, PPT, helse, barnevern og andre skal sikre tidleg oppfylging.
- Arbeide for god fysisk og psykisk helse hos barn og unge.
- Auka vedlikehald på bygningar skal gje eit godt læringsmiljø og inneklima.
- Det skal tryggast fleire lærplingplassar enn det som er dei nasjonale måla. I tillegg bør det etablerast traineestillingar for unge vaksne som etter endt høgare utdanning vurderar å flytte tilbake til Årdal kommune.

### 3.5 God helse og omsorg

#### Grunnlag

Denne sektoren omfattar omsorgstenesta (tidlegare eldreomsorg) i institusjon og heimebasert, bu- og miljøtenesta, legetenesta, helsesøster – og jordmortenesta, fysio- og ergoterapi, psykisk helse, NAV kommune med rusomsorg og flyktingtenesta.

Kommunen har eit fortetta busetnadsmønster som legg godt til rette for ein effektiv struktur med få, men kompakte tenestestader som legg godt til rette for effektiv drift, god arealbruk og fleksibel bruk av ressursar og kompetanse.

Sentrale utfordringar er:

- Høgt kostnadsnivå i omsorgstenestene samanlikna med andre kommunar (KOSTRA)
- Rekruttere og behalde kompetanse på alle nivå
- Aldersutviklinga med aukande tal innbyggjarar over 80 år
- Låg dekning av helsetenester i heimen
- Låg dekning av dag- og aktivitetstilbod til heimebuande eldre
- Veksande behov for foreldrerettleiing
- Lite samhandling på tvers av aldersgrupper, ungdom/eldre

#### Mål

Innbyggjarane skal kunne oppleve livsmeistring og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølv og kunne meistre vanskelege livssituasjonar.

#### Korleis

- Det skal vere enkelt for innbyggjarane å skaffe seg oversikt over det kommunale tenestetilbodet og få kontakt med tenesteapparatet.
- Tidleg førebygging av sjukdom og skade og rask avklaring av hjelpebehov, rett behandling og omsorg på rett nivå.
- Tilbod til alle som treng pleie- og omsorgstenester og aktivitetstiltak. Kommunen skal ha rett kompetanse i alle ledd.
- Ta vare på sjukeheimen i Seimsdalen med plass for 16 brukarar med demens.
- Ein organisasjons – og tenestestruktur som legg til rette for tverrfagleg samhandling, fagspesialisering og utvikling.
- Implementere og utvikle velferdsteknologi.
- Inspire til frivillig arbeid.
- Med utgangspunkt i den overordna helse- og omsorgsplanen utarbeide fagplanar innan: KOLS, rehabilitering, psykiatri og rusmidlar, kreft, demens, smitteverns velferdsteknologi.
- Ha fokus på korleis kommunisere og informere innbyggjarane.
- Etablera bufellesskap for psykisk sjuke og ROP-pasientar med dagtilbod i Tangenvegen 14.
- Riva gammal del på sjukeheim på Tangen for å kunne etablera lang- og kortids sjukeheimsplassar.

## 3.6 Variert kultur og fritidstilbod

### Grunnlag

Årdal har eit breitt og variert kulturtilbod med svært mange lag og organisasjonar. Det er lang og rik tradisjon på samarbeid mellom kommunen og lag- og organisasjonane. Kulturaktivitetane i kommunal regi, kulturskulen, biblioteket, kino og fritidstilbod vil vere viktige bidragsytarar også i framtida for at Årdal skal auke sin attraktivitet som tilflyttingskommune.

Kulturskulen i Årdal gir eit opplæringstilbod i ulike musikk- og kunstfag til dei elevane i skulealder som ønskjer det. Vaksne kan og få plass dersom det er kapasitet til det. Kulturskulen rekrutterer breitt gjennom gruppetilbod til dei yngste elevane, og gir eit meir spissa og individuelt tilbod til elevane etter kvart som dei blir eldre og utviklar seg. Kulturskulen gir og eit musikkterapitilbod og bandtilbod til funksjonshemma i alle aldrar. Kulturskulen sitt programtilbod skal ivareta læring, oppleving, skaping og formidling på alle nivå gjennom brei rekruttering og planmessig opplæring.

Det er eit godt samarbeid mellom idretten representert ved idrettsrådet og kommunen. Kommunen og idrettsrådet samarbeider om idretts- og anleggsplanen som vert handsama i kommunestyret kvart år. Kommunen har eit variert og godt utbygd anleggstilbod i ulike idrettar. Det er naudsynt å drøfte tilhøvet mellom eit godt vedlikehald og nyanlegg.

Friluftsliv er eit viktig satsingsområde for å ivareta folkehelsesatsinga i kommunen. Det er rike tilhøve til friluftsliv i heile kommunen og det må leggast til rette for at alle som ønskjer det skal kunne nyte seg av ein rik og variert natur både i nærområda og i litt meir krevjande terrengr.

### Mål

Gi alle innbyggjarane i kommunen eit rikt og variert kultur- og fritidstilbod og vidareutvikle kulturinstitusjonar med høg kvalitet.

### Korleis

- Utvikle rammeplan for kulturskulen med programtilbod som ivaretar læring, oppleving og skaping og formidling på alle nivå gjennom brei rekruttering og planmessig opplæring.
- Samarbeid med frivillige og næringsdrivande som gjer Årdal til ein viktig teknologi, kultur- og fritids-/arrangementsstad i regionen.
- Legge til rette for eit breitt idrettstilbod med høg kvalitet og gode kulturarrangement.
- Legge til rette for etablering av tilbod i det daglege for born og unge med interesse innanfor IT, teknologi og programmering. I tillegg gje støtte til arrangement som fremmer utvikling innanfor desse områda.
- Ta vare på og synleggjere kulturminne og lokal identitet.
- Støtte frivillige organisasjonar og stimulere til fleirkulturelt fellesskap.
- Gjennom samarbeid med andre aktørar tilrettelegge for auka bruk av naturområda i kommunen, mellom anna i reiselivssatsinga.
- Kommunen bør auke satsinga si på å få til samarbeid med private aktørar som ønskjer å skape arbeidsplassar og aktivitet innan dette området som ein del av kommunen sitt ønskje om nye kompetansearbeidsplassar innan helseområdet.
- Prioritera vedlikehald av bygg og anlegg som nyttast av samfunnslivet.
- Samarbeide med Årdal utvikling om å etablere lønsame arbeidsplassar knytt til kultur og natur.

## 4 Sentrale omsyn

### 4.1 Klima og miljø

#### Grunnlag

Frå fylket sin klimaplan [8] veit vi at klimaomstilling krev omfattande tiltak. Dette må skje relativt raskt om vi skal klare 2-gradersmålet, og det langsigktige målet til FN sitt klimapanel om netto nullutslepp.

Klimaomstilling omfattar såleis både samfunnsendring, klimatilpassing og utsleppsreduksjon, og vi må bli «smartare, tryggare og grønnare». Smartare ved at kvar einskild tek ansvar, og fylket utviklar fagmiljø, kunnskap og næring. Tryggare ved at bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn **som** er tilpassa, og har redusert sårbarheit i møte med klimaet i dag og i framtida. Grønare ved at vi tek minst vår del av dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon.

Klimaendringane er så store at ein bør ta fleire verkemiddel i bruk på alle nivå og samfunnsområde. I og med at samfunnet på sikt må ha netto nullutslepp av klimagassar er det nødvendig å redusere utslepp knytt til både produksjon og forbruk, som igjen inneber at vi må endre både produksjonssystem og det offentlege og private forbruket.

Industrien i Årdal nyttar store mengder elektrisk energi i produksjonen. Dette gjev mykje spillvarme som ikkje er utnytta, sjølv om Årdal nyttar meir spillvarme enn snitt i fylket og landet. Årdal nyttar mindre olje og gass enn snittet i fylket og i landet.

Årdal er eksponert for både havnivåstigning, flaumfare og ras. Flaum og ras er dei mest aktuelle farane i Årdal. Sidan langt tilbake i tid er det gjennomført sikringsarbeid og faglege vurderingar av desse farane i Årdal (sjå også kap. 0 Samfunnstryggleik).

Årdal kommune ynskjer å kombinere klimatilpassingstiltak med utsleppsreduksjon på veg til nullutslepp, inkludert ei samfunnsendring på vegen til eit nullutsleppssamfunn. Det er ein krevjande prosess der samfunnet omstiller seg, samstundes som vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrensar.

#### Omsyn

Berekraft i høve klima og miljø skal vere eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Årdal i samsvar med FN sine bærekraftsmål.

#### Korleis

- Vekte og prioritere berekraftige og klimavennlege løysingar i offentlege innkjøp
- Aktivt nytte støtteordningar for å fremje miljøvennlege val og løysingar
- Heve kompetansen i privat og offentleg sektor kring klimavennlege løysingar
- Utvikle klimasmarte og energieffektive løysingar innan bygg, driftsmidlar og kommunal tenesteyting
- Arbeide aktivt med haldningsskapande arbeid, spesielt mot barn og unge
- Sikre at innbyggjarane i Årdal har god kunnskap om kva som må gjerast for å sikre berekraftig utvikling.
- Legg til rette for delingsøkonomiløysingar
- Nyttre potensialet for bruk av spillvarme
- Nyttre potensiale for energiøkonomisering i kommunale bygg

**Årdal kommune skal:**

- Starte opp eit miljøprosjekt med mål om å verte ein av landet sine fremste miljøkommunar med fokus på blant anna elektrifisering av køyretøypark, materialval i bygg, og tilrettelegging av mjuke samband.

## 4.2 Folkehelse

### Grunnlag

Helse er meir enn fråvær av sjukdom og plagar. Det handlar om å meistre livet sitt med dei mogelegheitene og avgrensingane som finnast. Det er m.a. å oppleve livet som meiningsfullt, ha nokon som står ein nær og å høre til eit fellesskap.

Folkehelseprofil for Årdal 2018 [11] tek for seg tema befolkning, levekår, miljø, skule, levevanar, samt helse og sjukdom. Profilen for 2018 viser at Årdal på dei fleste område ikkje er eintydig forskjellig frå landssnittet.

Områda der Årdal skil seg positivt ut er mellom anna for tema levekår, der prosentdelen barn (0-17 år) som bur i husstandar med låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Prosentdelen barn (0-17 år) som bur trongt er også lågare enn i landet sett under eitt. Innafor skule skil Årdal seg ut med færre 5.klassingar på lågaste nivå i rekning enn landet elles. Skil seg negativt ut innafor levevanar tyder statistikken på at Årdal har fleire overvektige ungdom enn resten av fylket.

Utviklinga går i retning av betre samansette tenester for brukaren og større vekt på folkehelse. Eit sentralt spørsmål vidare er korleis integrere folkehelseperspektiv i kommunale avgjerdsprosessar og planar. Det må leggast vekt på sektorovergripande heilskapstenking i folkehelsearbeidet, noko som bryt med tradisjonar som tilseier at folkehelse berre er helsetenesta sitt ansvar.

Årdal kommune ynskjer å ha eit heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helsa med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår.

Kommunen ynskjer å legge til rette for sunne levevanar og fremje fellesskap, tryggleik og deltaking i lokalmiljøet

### Omsyn

Utjamning av sosial ulikskap og sikre best mogeleg helse for alle innbyggjarane.

### Korleis

- Skaffe oversikt over folkehelsa i Årdal og organisere sektorovergripande, heilskapleg og systematisk oppfølging.
- Jamleg kartlegging av folkehelsesituasjonen og oppdatering av statistikkar som grunnlag for kommunen sitt løpende planarbeid.

Sikre heilskapleg fokus på faktorane som har innverknad på helsa, med tiltak i alle sektorar for å kunne skape gode oppvekst- og levekår.

## 4.3 Samfunnstryggleik

### Grunnlag

Konseptet «Årdal tenk tryggleik» (ÅTT) er eit samarbeidsprosjekt mellom Årdal kommune/Tekniske Tenester, Skadeforebyggende Forum, Politiet, Statens Vegvesen, lokalt næringsliv, lag og organisasjoner og bygdefolk flest. Attendemeldingsgarantien er drivkrafta i konseptet og lokalsamfunnet tenker såleis tryggleik både i fritid og arbeid. Prosjektet vart etablert 1988 og kommunen vart i år 2000 godkjent som Trygt Lokalsamfunn. Styrande komité som er ÅTT sitt øvste organ, er tverrsektorielt/tverrstatleg samansett. Næringsliv, lag og organisasjoner er representert i komiteen. Trafikktryggleik har sidan starten hatt høg prioritet. Politi, kommunalteknikk, skulane, lokale bedrifter og Trygg Trafikk er viktige samarbeidspartnarar på dette området.

Årdal kommune har beredskapsplanverk utarbeidd på ulike del - ROS (Risiko - og sårbarheitsanalyse). Flaumsonekart for vassdrag i Årdal for 20-årsflaum og 200-årsflaum er ferdig utarbeidd av NVE .

Sentralisering av ulike beredskapsoppgåver medfører at lokal beredskap må rykke ut på første innsats og ha leiaransvar til Politi og Helsepersonell er på plass. Dette medfører fleire og komplekse oppgåver for lokalt beredskap.

Forskrift om kommunal beredskap krev at kommunen har ei heilskapleg ROS analyse for å avdekka tverrsektorielle utfordringar og reduserer risiko gjennom skadeførebyggande og skadebøtande tiltak, slik at ein er betre istar til å handtere restrisiko gjennom beredskapsarbeidet. ROS analysen til kommuneplanen sin arealdel viser at det ikkje er lagt ut areal med uakseptabel risiko. Det er lagt inn ulike sikrings- og faresoner i planen som set krav til sikring/vurderingar før utbygging. Ved neste revisjon må også klimapåslaget takast med i vurderingane.

### Mål

Årdal Kommune skal vera ein trygg stad å bu, leva og arbeida.

### Korleis

- Årdal Kommune skal vera budd på uønskte hendingar og klimautfordringar. Dette skal innarbeidast i all kommunal planlegging med involveringar av aktuelle samfunnsaktørar, både offentlege og private.
- Årdal Tenk Tryggleik: Føremålet er å førebygge skade, ulukke og kriminalitet i kommunen ved å få alle til å ta del. ÅTT er ei "adresse" alle kan vende seg til, og der alle får svar.
- Årdal Kommune held fram med beredskapsøvingar annakvart år, i tillegg til øvingar i regi av Fylkesmannen.
- ROS og beredskapsplanar skal reviderast jamleg.
- Dei mest risikoutsette områda i høve ras og flaum som er prioritert i Årdal Kommune er Utla, Lysa, Tronteigen, Finnsås, Offerdalsvegen. Årdal kommune held fram med å følgje opp desse områda med: synfaringar på dei aktuelle områda regelmessig av ansvarsområdeperson i Tekniske Tenester. Det skal gjerast regelmessige synfaringar på alle sandfang, kummar og stikkrenner og det skal gjerast uttak av masser frå sandfang og elveleie.
- Årdal tenk tryggleik (ÅTT) prioriterer mottak og loggføring av hendingar, situasjonar, forslag, samt kontakt med rett instans i sakene. Ålege vernerundar i heile kommunens gatenett, elvar, bruer med meir. Refleksvestar til barnehagane og refleksvestar til 1. klasse i september. Utlevering av sykkelhjelm til 4. klassane og prosjekt "Politikameratane" for 15 åringer.

## 4.4 Omdøme

### Grunnlag

Omdøme handlar om omverda si oppfatning av Årdal over tid. Det finst ikkje snarvegar til godt omdøme, og det kan ikkje styrast fordi det er andre som bestemmer korleis det er. Årdal kan likevel ta nokre grep som legg grunnlag for godt omdøme.

Når vi spør innbyggjarane om Årdal sitt omdøme får vi fram at det heng att eit negativt inntrykk av urein industri, stengde vegar og ras, samt høgt lokalt konfliktnivå. På den positive sida kjem det fram at Årdal har god kvalitet på tenestene innan helse og oppvekst, bra med ressursar og eit rikt kultur- og idrettsliv. Flott natur og positiv utvikling innan turisme vert også trekt fram.

Blant utflytte Årdøler viser ei spørjeundersøking [12] gjort i 2019, at Årdal har eit godt omdøme knytt til oppvekstvilkår for barn og unge. Lågaste score får påstanden om at «Årdalsamfunnet er framoverlent og positive». Det er også ei lita overvekt av respondentar som meiner at «Årdal er for lite og gjennomsiktig». Når dei vert spurta om kva som skal til for at dei skal flytte attende, svara dei fleste «relevant arbeid og større breidde i arbeidsmarknaden». Auka satsing på turisme og kulturliv og at ein får «satt Årdal på kartet», vert også nemnt.

Frå Distriktsenteret sitt arbeid med «10 punktmodellen for lokalt utviklingsarbeid» [13] veit vi at når kommunen arbeider jamt og trutt med å betre kvalitetane i lokalsamfunnet og samtidig fortel om dei betringane som skjer, kan omdøme påverkast. Vi veit også at kommunen sine eigne tilsette er ei svært viktige målgruppe for arbeidet. Når kommunen sine folk møter innbyggjarane i dei ulike tenestene vert det skapt ei forteljing om kommunen og samfunnet.

Dei tilsette er ofte også innbyggjarar i kommunen og som privatpersonar kan dei bidra både positivt og negativt til omdømebygging. Om dei tilsette og innbyggjarane ikkje kjenner seg igjen i den forteljinga politikarane og kommuneleiinga presenterer kan det lett føre til negativ omdømebygging.

### Mål

Vise fram forteljinga om det moderne samfunnet Årdal og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer. Få fram at Årdal er meir enn du trur.

### Korleis

- Dei kommunale tenestene skal jamleg formidle sitt utviklingsarbeid i lokale tradisjonelle media og i sosiale media. Tal oppslag skal rapporterast i leiarmøte.
- Årdal utvikling skal halde fram arbeidet med å marknadsføre sine utviklingsarbeid.
- Bruke handlingsrommet i det nye vestlandsfylket til å etablere nye alliansar/nettverk der Årdal sine kvalitetar kan gjerast meir synlege.
- Skaffe meir merksemd til dei positive kultur- og idrettsarrangement som skjer i Årdal og i samarbeid med andre i regionen.
- Bruke naturkvalitetane i kommunen, til dømes nasjonalparken, meir målretta i merkevare- og omdømebygging.
- Kontinuerleg arbeid for å verte av landet sine fremste miljøkommunar.
- Formidle samspelet som skjer mellom teknologimiljøet og lokalsamfunnet og at verdiskapinga er basert på grøn energi.
- Etablere prosjekt med fokus på rekruttering av nye innbyggjarar.

## 4.5 Kommunal drift

### Grunnlag

Kommunen må vere i stand til å levere tenester av tilstrekkeleg omfang og kvalitet, samstundes som krava til effektivitet og kvalitet aukar. Kommunen må kunne rekruttere, utvikle og halde på tilsette med rett kompetanse. Det vil vere viktig å jobbe med omdøme, identitet og organisasjonskultur.

Ein god tenesteytar for innbyggjarane og ein god arbeidsgjevar for dei tilsette er to sider av same sak. Gjennom utvikling av betre tenester utviklar vi også medarbeidarane. Kommunen som tenesteprodusent og som arbeidsgjevar bør vere kjenneteikna av fokus på brukarane og tenestene. Samtidig må leiinga bevisst legge til rette for at krava i Arbeidsmiljølova vert følgd opp og arbeide aktivt for eit systematisk HMT-arbeid i tenesteområda. Gjennom dette legg ein også til rette for sjølvstendige og myndiggjorte medarbeidarar, samt læring og utvikling på arbeidsplassen.

Kontakt og dialog er ein viktig føresetnad for at samhandling mellom brukarane og den kommunale organisasjonen skal bli best mogleg. Sentrale element for brukardialogen er mellom anna brukarundersøkingar og "høyringar", serviceerklæringer, tenestetorg og tenestekontor. Etiske retningslinjer og rutinar for klagehandsaming må også leggast til grunn.

### Mål

Tenesteproduksjon som møter framtidige utfordringar og stimulerer til utvikling og resultatoppnåing.

### Korleis

- Vidareutvikle ein kommunal organisasjon med omstillings- og endringsvillige medarbeidarar i samspele med brukarane av tenestene.
- Vidareutvikle ein arbeidsgjevarpolitikk som byggjer på lokale behov og vert utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde. Den skal sikre tenesteproduksjon, møte framtidige utfordringar og stimulerer til utvikling og resultatoppnåing.
- Formidle rett bodskap, til rett person eller instans, til rett tid, gjennom rett kanal, jf. Årdal kommune sitt informasjonsreglement. Bruke dei ulike informasjonskanalane aktivt for å halde innbyggjarane oppdatert på communal aktivitet og tenester (facebook, instagram, heimeside).
- Ivareta og vidareutvikle den gode standarden på kommunaltekniske anlegg og drive aktivt helse-, miljø- og tryggleiksarbeid og energiøkonomisering.
- Utvikle dei kommunale tenestene og kommuneorganisasjonen i samspele med brukarane.
- Samarbeide med nabokommunane om pålagde oppgåver som krev særskild kompetanse.
- Vidareutvikle livstilpassa personalpolitikk, ein framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk og samarbeid med tillitsvalde.
- Vidareutvikle lokal lønspolitikk og strategisk plan for kompetanseutvikling og rekruttering.
- Videreføre ordninga med stipend/kompetansemidlar til eigne tilsette og stipendordninga med tilsettjingsgaranti til studentar som tek utdanning me har behov for.
- Arbeide for gode arbeidsmiljø i nært samarbeid med tilsette; jf. årlege handlingsplanar for arbeidsmiljø.
- Arbeide for Heiltidskultur, jf. etablering av «vikarsenter» og tilpassa turnusordningar.
- Synleggjere kommunen som ein attraktiv arbeidsgjevar som til ei kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utviklinga i samfunnet.

## 5 Grunnlag og rammer for utviklingsarbeidet

### 5.1 Kommunen sitt plansystem


Ifølgje plan- og bygningslova skal kommunen ha ein kommuneplan (PBL § 11-1). Denne skal omfatte både samfunnsdel med handlingsdel, og ein arealdel. Vidare seier lova at:

*«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen.»*

Ein kommuneplan er dermed kommunen sin overordna plan og viktigaste styringsverktøy, som skal legge til rette for ønska samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon dei neste 10-12 åra.


Samfunnsdelen av kommuneplanen er ein overordna plan for samfunnet Årdal og for verksemda Årdal kommune. Planen skal ta stilling til langsigchte utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet i heilskap og kommunen som organisasjon. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemda i kommunen.

Figuren under viser samanhengen mellom kommune sine ulike plannivå og frekvensen på rullering av planar.



Figur 5-1: Det kommunale plansystemet.

Figuren under illustrerer nærmare arbeidet med kommuneplanen.



Figur 5-2: Kommuneplanprosessen.

## 5.2 Nasjonale og regionale føringar

Eit viktig prinsipp i det kommunale planarbeidet er at det skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Siste året er FN sine berekraftmål teke tungt inn nasjonale og regionale mål.

Nedanfor er ei oversikt over dei mest relevante nasjonale og regionale regelverka og føringane som ligg til grunn for utarbeidingsa av samfunnsdelen:



- Folkehelselova
- Nasjonale forventningar til kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020
- Fylkesdelplan for arealbruk er frå 2000
- Regional planføresegn for handel 2017
- Regional plan for klimaomstilling 2018-2021
- Regional plan for folkehelse 2015–2025 [14].
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional transportplan 2018-2027
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Planar under arbeid:
  - Regional plan for kultur
  - Regional planstrategi for Vestland fylkeskommune
  - Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter

## 5.3 Kommunale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel er frå 2010 og arealdelen er frå 2012. I samfunnsdelen er visjonen for Årdal: «**Årdal skal vere ein god og trygg stad å bu, leva og arbeida**»

Samfunnsdelen frå 2010 tek sikte på å stabilisere folketalet på 6300, men dette har vist seg vanskeleg.

I kommunen sitt planstrategiarbeid i 2016 vart det prioritert medverknad med tenesteleiarane og politikarane, for å skape felles forståing av samfunnsutviklinga og kva som er dei viktigaste utfordringane å jobbe med dei neste 4 åra. Medverknaden vart gjennomført med to arbeidsverkstader våren 2016. Planstrategien legg vekt på følgjande hovudutfordringar:

1. Folketalsnedgang med fleire eldre og færre unge
2. Næringsliv som hovudsakleg er knytt til basisnæringer
3. Usikre økonomiske rammer for kommunen
4. Krevjande å rekruttere og behalde kompetanse
5. Årdal-To av alt eller eitt samfunn

Planprogrammet for samfunnsdelen vart utarbeidd i 2018, og oppsummerer kva som er viktige tema for denne revisjonen. «**Rekruttere og bu i Årdal**» er sett som eit overordna måltema på grunn av Årdal si hovedutfordring som er nedgang i folketallet. På denne bakgrunn er det bestemt kva som er dei sentrale deltema å undersøkje i samfunnsdelen:

- **Sentrumsutvikling**, der gjeldande arealdel frå 2012 vert lagt til grunn og ein konsentrere seg om oppfølging på eit meir detaljert plannivå.
- **Næringsutvikling**, der strategisk næringsplan frå 2016 vert lagt til grunn og samfunnsdelen støttar pågående arbeid.
- **Helse & omsorg**, der ein legg til grunn prioriteringar, mål og tiltak som kjem av arbeidet med utvikling av ein helse&omsorgsplan som pågår.
- **Oppvekst, kultur og fritid**, der ein legg til grunn prioriteringar, mål og tiltak som kjem av arbeidet med utvikling av ein oppvekstplan som pågår. I planarbeidet vert det vurdert om kultur og fritid kan knytast saman med oppvekst eller bør stå som eige måltema.
- **Klima, miljø og samfunnstryggleik**, der ein legg til grunn at plan for klima og miljø skal reviderast, og i den samanheng skal samfunnsdelen vurdere overordna utfordringar og mål for dette tema som grunnlag for revisjonen. I planarbeidet vert det vurdert om samfunnstryggleik kan knytast saman med klima og miljø, eller bør stå som eige måltema.
- **Kommuneorganisasjonen**, der ein legg til grunn prioriteringar, mål og tiltak som kjem av arbeidet med omstillingssprosjektet i kommunen.

## 5.4 Prosess, organisering og medverknad

Det følgjer av plan og bygningslova at det skal sikrast opne, brei og tilgjengeleg medverknad i lokalsamfunnet.

Gjennom kommunen sitt arbeid med planstrategi og Årdal utvikling sin prosess med strategisk næringsplanen i 2016 vart det samla gjennomført ein brei medverknad med innbyggjarar, lag/organisasjonar, næringsliv, politikarar og tilsette. For å oppdatere denne informasjonen er det halde idekafear i fleire planarbeid og det er sett ned eit eige politisk ad hoc utval som følgjer planarbeidet. Det er også gjennomført ein spørjeundersøking hjå personar som har flytta frå Årdal.

I tillegg til vanleg varsling, offentleg ettersyn er det halde eigne møter om utvalde tema og det er gjennomført ei spørjeundersøking. Saman med eksisterande analysegrunnlag, dekkjer dette kunnskapsbehovet til ny samfunnsdel.

Det politiske nivået elles vert involvert gjennom dei formelle handsamingsrutinane for plansaker.

Oversyn medverknad og politisk/administrativ prosess:

| Dato             | Type møte     | Tema  | Deltakar  |
|------------------|---------------|---|---|
| 30.November 2017 | Politisk møte | Vedtak om oppstart av arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen | Kommunestyret   |
| 15.februar 2018  | Politisk møte | Planprogram – godkjenning for høyring                           | Formannskapet   |
| Mars-april 2018  | Høyring       | Planprogram   | Innbyggjarar, nabokommunar, overordna styresmakter og andre berørte interesser. |

|                  |                       |   |  |
|------------------|-----------------------|---|--|
| 12.juni 2018     | Politisk møte         | Planprogram - tilråding etter høyring                         | Formannskapet  |
|                  | Politisk møte         | Planprogram – fastsetting                                     | Kommunestyret  |
| 23. april 2018   | Idekafe Samfunnsdelen | Kva vil vi med Årdal og korleis skal vi få det til            | Gruppeleiarar i kommunestyret, rådmannen sin leiargruppe og leiarane i ulike råd og utval i frivillig sektor + fagforeiningane.  |
| 28. august 2018  | Idekafe Helse&omsorg  | Framtidig utforming av helse og omsorgstenestene              | Kommunestyre, ungdomsråd, eldreråd, råd for funksjonshemma, pensjonistlag, helselag, idrettslag, Årdal Utvikling, Årdal Tenk Tryggleik, Politiet, skule, HTV for Fagforbundet, NSF og FO, hovudverneombod, leiarar i omsorgstenestene. |
| 6.november 2018  | Adm. møte             | Viktige tema for administrasjonen                             | Tenesteleiarane i kommunen.  |
| 14.november 2018 | Politisk møte         | Evaluering av tiltak i gjeldande samfunnsplan                 | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar.   |
| 16.januar 2019   | Politisk møte         | Sentrumsutvikling   | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 6.februar 2019   | Politisk møte         | Omdøme  | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 27. februar 2019 | Politisk møte         | Rekruttering og busetjing                                     | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 20.mars 2019     | Politisk møte         | Gjennomgang av utkast til plandokument                        | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 10.april 2019    | Politisk møte         | Gjennomgang av utkast til plandokument                        | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 21.mai 2019      | Politisk møte         | Ferdigstilling av plandokument                                | Adhoc utval + rådmann og utvalte tenesteleiarar og Årdal utvikling.  |
| 6. juni 2019     | Politisk møte         | Vedtak om utlegging   | Formannskapet  |
| 21. august 2019  | Politisk møte         | Utfordringsnotat utarbeidd av rådmanne lagt fram for drøfting | Formannskapet + Adhoc utval  |

## 6 Referansar

- [1] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.
- [2] Årdal kommune, «Planstrategi for Årdal kommune 2016-2020,» Årdal kommune, 2016.
- [3] Årdal utvikling, «Årdal, Strategisk næringsplan 2017-2020,» Årdal utvikling, 2017.
- [4] Telemarksforsking, «Regional analyse for Årdal 2018,» Telemarksforsking, 2019.
- [5] Årdal utvikling, «Årsrapport 2018,» Årdal utvikling, 2019.
- [6] K. V. m.fl., «Regional analyse Årdal 2018,» Telemarksforsking, 2018.
- [7] NIBR, «Boligpreferanser i distriktene,» Distriktscenteret, 2014.
- [8] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for klimaomstilling 2018-2021,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.
- [9] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.
- [10] Norconsult, «Stadanalysar for Øvre Årdal og Årdalstangen,» Årdal kommune, 2009.
- [11] Folkehelseinstituttet, «Folkehelseprofiler for kommunene,» 2018. [Internett]. Available: <https://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1424&sp=2&PDFAar=2018>.
- [12] BDO, «Kartleggingsundersøking for Årdal utvikling. Utflytte Årdøler sine vurderinger knytt til å flytte heim,» Årdal utvikling, 2019.
- [13] TIBE samfunn, «Distriktscenteret,» [Internett]. Available: <https://distriktscenteret.no/verktoy/metodikk-strategisk-arbeid-med-lokal-utvikling/>.
- [14] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for folkehelse 2015-2025,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015.
- [15] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Fylkesdelplan for arealbruk,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2000.
- [16] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentre,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.
- [17] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2016.
- [18] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional transportplan 2018–2027,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017.
- [19] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016 - 2021,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2015.

[20] Sogn og Fjordane fylkeskommune, «Regional plan for kultur 2019-2022,» Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2018.

[21] Vestland fylkeskommune , «Regional planstrategi 2020-2024,» Vestland fylkeskommune , 2019.

[22] Sogn og Fjordane fylkeksommune, «Regional planførsegn om lokalisering av handel og kjøpesenter,» Sogn og Fjordane fylkeksommune, 2019.